

Styremøte Vestland – 2025

Onsdag 13.10. kl.09:30 – 12:00 digitalt

Sakskart



02.10.2025 Kjersti Lunden Nilsen (tekst) Alex Guillaume / Unsplash (foto)

[Søknadsportalen open for ungdom 18-25 år med frist 18. november kl.12:00 – sjå nyhendesak.](#)

Sakskart til styremøte 13.10.25:

2025.01 Godkjenning av innkalling og sakskart	3
2025.02 Referatsaker	4
Økonomirapport 3. kvartal	4
Rådgjevar sin rapport	5
2025.03 Styrearbeid	7
2025.04 Politisk arbeid	9
2025.05 Utviklingsområda	10
2025.06 Orienteringar	11
2025.07 Eventuelt	12

Frå styret møter:

styreleiar Hege Eide Vik
styremedlem Karianne Kayser
styremedlem Rolf Seldal
varamedlem Kjartan Fjordheim
varamedlem Kirill Zimin

Meldt forfall:

nestleiar Kjetil Høgseth Felde
styremedlem Øystein Røsseland Kvinge

Frå administrasjonen møter:

rådgjevar Kristin Geiring

2025.01 Godkjenning av innkalling og sakskart

Saksdokument: Sakskart på side 2
Innkalling sendt i e-post.

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:
Innkalling og sakskart godkjent.

Saksutgreiing:
Innkallinga og sakskartet er utsend i samsvar med vedtektene og møteplanen.

2025.02 Referatsaker

Saksdokument:

1. Rekneskap 3. kvartal 2025 side 4.
2. Rådgjevar sin rapport side 5-6.

Sakshandsamar: Rådgjevar og styreleiar

Forslag til vedtak:

Referatsakene er tatt til orientering.

Saksutgreiing:

Økonomirapport 3. kvartal

Avdeling 11 Prosjekt (R8) 112		Organisasjonsnr.: 875627422		
Kulturskolerådet		Utskriftsdato: 06.10.2025		
Hele 2025		Perioden, Januar - Desember		
NOK	Regnskap	Budsjett	Avvik	Endring
Salgsinntekter	221 941	373 800	- 151 859	-40,6%
Andre inntekter		55 000	- 55 000	
Sum driftsinntekter	221 941	428 800	- 206 859	-48,2%
Bruttofortjeneste	221 941	428 800	- 206 859	-48,2%
Lønnskostnad	25 858	132 000	- 106 143	-80,4%
Arbeidsgiveravg. og pensjonsk.	3 646	19 000	- 15 354	-80,8%
Andre personalkostnader				
Sum personalkostnader	29 503	151 000	- 121 497	-80,5%
Kostnader lokaler		10 000	- 10 000	
Leie maskiner, inventar o.l.				
Kostnadsførte anskaffelser	690		690	
Fremmede tjenester	18 000	100 000	- 82 000	-82,0%
Kontorkostnad	1 136	12 000	- 10 864	-90,5%
Telefon, porto o.l.	2 358		2 358	
Kostnad og godtgjørelse for reiser	34 158	80 000	- 45 843	-57,3%
Salgs og reklamekostnader	6 573		6 573	
Kontingenter og gaver		5 000	- 5 000	
Annen kostnad	40 000	70 800	- 30 800	-43,5%
Tap og lignende				
Sum driftskostnader	102 915	277 800	- 174 885	-63,0%
Driftsresultat	89 523		89 523	
Finansinntekter				
Finanskostnader				
Sum finans				
Resultat før skatt	89 523		89 523	
Årsresultat	89 523		89 523	
Overføringer og disponeringer				

Merknad:

Driftstilskot frå Kulturskoleråd kjem primo/medio juni for fyrste halvdel av 2024 og for andre halvdel kring primo/medio desember.

Omgrepet «salsinntekter» er fast i rekneskapssystemet Kulturskolerådet nyttar. Under salsinntekter ligg driftstilskot til fylkesavdelinga motteke frå Norsk kulturskoleråd, tilskot motteke frå kommunar og fylket i Vestland til arrangement i fylket for born og unge og eventuelle deltakarkontingentar frå konferansar, seminar og leiarsamlingar. Arrangement, konferansar, seminar og leiarsamlingar er budsjettett i balanse og vert gjerne og subsidiert av fylkesavdelinga. Fremmede tjenester er

konsulenthonorar.

Rådgevar sin rapport

Nettverksarbeid

1. **KS Vestland ved fylkesstyret og Kulturskolerådet Vestland ved arbeidsutvalet** hadde dialogmøte 23. september i Bergen i samband med fylkesstyremøte i KS Vestland. Vidare samhandling etter Kulturskolerådets landsting med ny strategi, politisk plattform og vedtak var del av dialogen for å avklare vidare samhandling i tråd med organisasjonane sine samfunnsoppdrag. Styreleiar orienterte regionstyret i styremøte 03-2025 om dialogmøtet og potensialet for vidare god dialog som møtet gav oppspel til.
2. **«Digitalt lederforum»** vart arrangert for leiarane i kulturskulane 30. september med tema Utviklingshjulet etter modell av Eirik Irgens. I tillegg vart det kort dialog om status for økonomi i kommunane og for kulturskulane. «Digitalt lederforum» er vidare invitert til månadleg med ulike tema til og med januar 2026 og med mogleg framhald.
3. **Vestland fylkeskommune ved avdeling for Kultur og folkehelse** hadde 3. oktober på administrativt nivå møte med Kulturskolerådet Vestland i høve vidare samhandling med fokus på fordjuping. Fylkeskommunen sine to avdelingar som er relevante for samhandlinga med Kulturskolerådet er avdeling for Opplæring og kompetanse og avdeling for Kultur og folkehelse. Kultur og folkehelse er no tillagt koordineringa for vidare samhandling med Kulturskolerådet Vestland. På grunnlag av møtet vert kompetansefellesskap for fordjuping i Kulturskolerådet påkoba vidare planar. Dialog med kulturskuleleiinga i Vestland er del av vidare plan frå Kulturskolerådet Vestland si side. Fylkeskommunen ser i samhandling med Kulturskolerådet Vestland på om det er mogleg å få til fysisk fagdag våren 2026 med tema fordjuping og talent.

Styrearbeid

1. **Arbeidsutvalet (AU)** i Kulturskoleråd Vestland, repr. ved styreleiar, nestleiar og rådgevar har hatt dialog per mobil og e-post og kort nettmøte sidan førre styremøte 26. oktober.
2. **Valkomiteen for Kulturskolerådet Vestland** reknar med å ha innstillinga klar til utsending med sakskart til Regionmøte med val.
3. **Konferansen HANDLEKRAFT / Medlemsmøte og Regionmøte med val to.30.-fr.31. oktober 2025** i Bergen på Grand Hotel Terminus me har utsett påmeldingsfrist til tysdag 14. oktober grunna m.a. haustferieveka. Konferanseprogram er utsend med førbehold om endringer. Sjå Påmelding og informasjon på nettsida til Kulturskolerådet.
4. **Hovudstyremøte 3-2025** sjå sakskart og protokoll.

Utviklingsområde

Digitalitet

1. **Høgskulen på Vestlandet (HVL)** tilbyr kurset «Laptop som prosjektstudio» gratis våren 2026 med søknadsfrist 15. november. Kurset har 8 leksjonar, som vert publisert på nett med tilhøyrande ein time undervisning i sanntid for kvar leksjon. Førsteamanuensis Øystein Røsseland Kvinge er styremedlem i Kulturskulerådet Vestland og har perioden 2023-2025 ansvar for utviklingsområdet digitalitet. Kvinge er og førsteamanuensis på HVL og har utvikla kurset. Rektor i den interkommunale kulturskulen Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Mats W. Systaddal og hans kollega i ungdomsskulen, John Trygve Evensen, har vore sterkt delaktig i å utvikle faginnhaldet til studiet. Saman utgjer dei elektronikaduoen MuteMode, og deira røynsler og kunnskap i musikkskaping med programmet Ableton Live, vil kome kursdeltakarane til gode.

Kulturskuletilsette er ei viktig målgruppe for emnet, då emnet går i djupna på korleis ein kan bruke den utbreidde programvara Ableton Live til å skape og spele inn musikk. Emnet er spesielt aktuelt for dei som har studert Profesjonsfagleg digital kompetanse for kulturskuletilsette på HVL, og som ynskjer å fordjupe seg i skapande prosessar med programvara.

Lenke til [Promoteringsvideo på Facebook](#).

Fordjuping

1. **«Drømmestipendet»** er opent for søknadar innan 18. november kl.12.00, etter at ein fekk fornya samarbeidsavtalen mellom Norsk Tipping og Kulturskolerådet.
2. **Sjå sak s.4 under nettverksarbeid pkt.3.**
3. **Stord kulturskule** har grunna økonomi og ressursar lagt ned sitt arbeid med fordjuping. Dette tyder og at kommunane i Forum for Oppvekst Sunnhordland ikkje kan sende fordjupingselevar til Stord. Stord tok tidlegare del i Inkluderande kulturskular saman med andre regionale kulturskular i Vestland fylke.

Mangfald

Me har ikkje noko nytt å melde her etter sist styremøte.

Framtidas kulturskule

1. **Rammeplanen «Kulturskole for alle»** på nettsida til Kulturskolerådet vert fylgt opp i løpet av hausten 2025 mellom anna på Medlemsmøte / konferansen Handlekraft og Regionmøte med val 30.-31.10 i Bergen. Sjå «Støtteressurser» og «politisk implementering» utarbeidd til kommunane.

2025.03 Styrearbeid

Saksdokument: Saksdokument vert utsend i e-post til regionstyret.

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

1. Sak 2 Styret si verksemdsmelding godkjent for framlegging på Regionstyret med val.
2. Budsjett for 2026-2027 vert lagt fram i sak 3.1 frå regionstyret og sett i samanheng med vedtak i innmeld sak 4.1 til Regionmøte med val.
3. Sak 3.1 «Orientering om rekneskap og budsjett» godkjent for framlegging på Regionstyret med val.
4. Sak 3.2 «Regionstyret Vestland og innretting av arbeidet» godkjent for framlegging på Regionstyret med val.
5. Sak 4.1 «De Unges Festspilldag og De Unges Festspillforestilling» innmeld frå Austevoll og Bergen vert på Regionmøte med val handsama som éin sak. Regionstyret si innstilling i saka godkjent for framlegging på Regionstyret med val.
6. Sak 4.2 «Revisjon av «Rammeplan for kulturskole» i 2028» med innstilling frå regionstyret godkjent for framlegging på Regionstyret med val.
7. Status i sak 1 Konstituering tatt til orientering
8. Regionstyret si innstilling til valkomite perioden 2026-2028 innan utgangen av februar med tilleggsvedtak «Regionstyret vert gitt mandat til å oppnemne erstattar i det fall at nokre i valkomiteen fell ifrå.» godkjent for framlegging på Regionstyret med val.
9. Status for påmelding til konferansen HANDLEKRAFT og Regionmøte med val tatt til orientering.

Saksutgreiing:

1. Sak 2 Styret si verksemdsmelding vert lagt fram for godkjenning av regionstyret.
2. Budsjett 2026-2027 vert lagt fram for godkjenning av regionstyret.
3. Sak 3.1 «Orientering om rekneskap og budsjett» vert lagt fram for godkjenning av regionstyret.
4. Sak 3.2 «Regionstyret Vestland og innretting av arbeidet» vert lagt fram for godkjenning av regionstyret.
5. Sak 4.1 «De Unges Festspilldag og De Unges Festspillforestilling» innmeld frå Austevoll og Bergen med innstilling frå regionstyret vert lagt fram for godkjenning.
6. Sak 4.2 «Revisjon av «Rammeplan for kulturskole» i 2028» med innstilling frå regionstyret vert lagt fram for godkjenning.
7. Orientering om status i sak 1 Konstituering.
8. Saka er utsett frå styremøte 03-2025. Orientering om svar frå medlemmene i valkomite perioden 2023-2025 i høve gjenval. Regionstyret innstiller valkomite for perioden 2025-2028 innan utgangen av februar.

Valkomité for komande periode jf. vedtektene:
5.3 Valgkomité i regionen

Medlemmer i valgkomiteen:

3.1 Leder

3.2 Ett medlem

Framlegg til ekstravedtak i høve sak 5.3 på regionmøte med val vert følgt opp som godkjend frå kontrollkomiteen:

"Regionale valgkomiteer - supplering. Kontrollkomiteen har ingen merknader eller innvendinger til at det i regionene foreslås en sikringstekst ved valg av nye valgkomiteer, slik: Regionstyret gis mandat til å oppnevne erstatter dersom noen i valgkomiteen frafaller.»

9. Status for påmelding og avvikling av konferansen HANDLEKRAFT og konferansemiddagen vert drøfta.

2025.04 Politisk arbeid

Saksdokument: Munnleg framlegging. Oppfølging: Saker og protokoll frå Landstinget 2024 . Sakskart hovudstyremøte 3-2025

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

1. Status for Kulturskolerådet sitt arbeid med å betre kunnskap om kulturskulen i høve tal, statistikk med omsyn til økonomi i kommunane og innleie av konsultentselskap tatt til orientering.

Saksutgreiing:

1. Kulturskolerådet arbeider med å forbetre GSI statistikken i samhandling med UDIR. Breddetilbod er viktig å få inn i GSI.

Kronikk om tall fra Kulturskolerådet med forklaring om kva som kan gå galt når ein berre forheld seg til Kostra / GSI.

Kulturskolerådet har teke initiativ til dialog med konsulentbyrå for å orientere om kulturskulen i høve statistikk og tal, men mål om at økonomiske analyser kan gi eit meir korrekt bilete av kommunen sin kulturskule.

«Heia Kulturskolen» kjem snart med ein episode der interessepolitisk leiar i Kulturskolerådet er intervjuet i saka. Konkrete forslag til mellom anna bruk av «Utenfor-regnskapet» på KS si nettside i berekning av økonomi.

Kulturskolerådet har under utarbeiding ein lengre kronikk/artikkel, som ein freistar å få inn i avis på nasjonalt plan.

2025.05 Utviklingsområda

Saksdokument: Handlingsplan perioden 2024-2025 ligg på nettsida.

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

1. Handlingsplan perioden 2024-2025 lagt fram i styremøtet er tatt til orientering.

Saksutgreiing:

1. Handlingsplan perioden 2024-2025 vert lagt fram på styremøtet for gjennomgang.

2025.06 Orienteringar

Saksdokument: Ingen saker

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Det er ingen saker til orientering.

2025.07 Eventuelt

Saksdokument: Ingen saker.

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Det er ingen saker til eventuelt.